

BACHELOROPPGÅVE

**For å gjera andre gode, må ein investera i
relasjonar til dei**

av

Kandidatnummer: 6
Solveig Mundal Alme

**To make other people succeed, you have to invest in your relation to
them**

Førskulelærerutdanning

SF3-312

Mai, 2014

Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage (Skriv inn tittel) dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer 6, Solveig Mundal Alme

JA NEI

kandidatnummer og namn

JA NEI

kandidatnummer og namn

JA NEI

Innholdsliste

1.0 INNLEIING	1
1.1 Avgrensing og omgrepsavklaring.....	1
2.0 METODE.....	1
2.1 Val av metode.....	2
2.2 Intervju	2
2.3 Val av informantar	2
2.4 Gjennomføring av intervju.....	3
2.5 Analyse og tolking av data	3
2.6 Validitet, reliabilitet og feilkjelder	3
2.7 Etske omsyn.....	4
3.0 TEORI	5
3.1 Kva seier lovverket?.....	5
3.2 Relasjonar	5
3.3 Anerkjenning	6
3.4 Samarbeid.....	7
3.5 Kommunikasjon	7
3.6 Dei daglege møta.....	8
3.7 Relasjonsbygging	10
4.0 EMPIRI	10
4.1 Relasjonar	10
4.2 Dagleg kontakt.....	12
4.3 Struktur, tid og hyppighet	13
4.4 Kvifor er samarbeidet med foreldre viktig?	13
5.0 DRØFTING.....	14
5.1 Relasjonar	14
5.2 Anerkjenning	16
5.3 Samarbeid.....	17
6.0 AVSLUTNING.....	19
LITTERATURLISTE	20
VEDLEGG.....	21
Vedlegg 1, Informasjonsskriv til informantane	21
Vedlegg 2, Intervjuguide.....	22

1.0 INNLEIING

Rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2011) slår fast at barnehagen sitt samfunnsmandat er å oppdra barna til å verta aktive deltakarar i samfunnet. Dette skal skje i nært samarbeid med barna sin heim. For å gjera andre gode, må ein investera i relasjonar til dei. Dette vil vera den raude tråden i denne oppgåva.

Tanken er henta i frå Jan Spurkeland (2012) sitt arbeid med relasjonskompetanse. I denne oppgåva vil eg sjå på korleis ein kan byggja gode relasjonar mellom barnehage og heim. Grunnen til at eg har valt dette emnet, er erfaringar frå mi eiga tid i barnehagen. Eg hugsar spesielt ei av dei tilsette i barnehagen min som eg var spesielt knytta til. Ho gjorde at kvar dag eg kom i barnehagen, følte eg meg verdifull og velkommen. Den same kjensla hadde foreldra mine også. I ettertid har eg skjønna at også dei andre barna på mi avdeling opplevde ho på same måte. Etter kvart som eg sjølv har fått meir erfaring med å arbeida i barnehage, har eg forstått at ho var særleg flink til å skapa gode relasjonar til kvart enkelt barn og deira føresette.

Problemstillinga mi i denne oppgåva vert difor: *På kva måte kan pedagogisk leiar leggja tilrette for å skapa gode relasjonar mellom barnehage og heim?*

1.1 Avgrensing og omgrepsavklaring

I denne oppgåva vil eg ta utgangspunkt i dei uformelle møta mellom barnehage og foreldra, slik som i hente- og bringesituasjonane. Eg vil altså ikkje leggja vekt på dei formelle og planlagde møta, som foreldremøter og foreldresamtalar. Gjennomgåande i denne oppgåva vil eg nytta omgrepet foreldre, med det meiner eg barna sine foreldre eller føresette. Eg nyttar omgrepet å skapa gode relasjonar, og då tenkjer eg på å skapa god kontakt og samhandling mellom personalet, barna og foreldra.

Fyrst vil eg presentera kva metode eg har nytta i oppgåva for å innhenta informasjon kring emnet, og grunngi vala eg har teke kring dette. Eg vil så presentera og gå gjennom relevant teori, før eg presenterer empirien og funna mine. I drøftinga vil eg sjå på samanhengen mellom empiri og teori med mine tankar og meiningar kring dette. Til slutt vil eg oppsummera funna og reflektere over korleis dette kan verka inn på mitt arbeid som pedagogisk leiar.

2.0 METODE

Metode er eit reiskap ein tek i bruk for å samle inn data for å få naudsynte opplysningar og informasjon om emnet ein vil finne meir ut av (Dalland, 2012). Ein skil mellom kvalitativ og kvantitativ metode, og kva metode ein vel å nytta for å få den naudsynte informasjonen, vil vera avhengig av kva ein vil finne ut av. I dette kapitlet vil eg forklare val av metode, og korleis eg har gått fram for å innhenta naudsynt informasjon til denne oppgåva.

2.1 Val av metode

I denne oppgåva har eg valt å nytta kvalitativ metode i innsamling av empiri. Kvalitativ metode vert beskrive som ein metode der ein nyttar opne intervju og observasjonar og få einingar (Jacobsen, 2010). Kvalitativ metode vert også difor ofte kalla for open metode. Informasjonen som vert samla inn, og analysen som vert gjort i ein slik metode, kan verta samla inn frå få informantar gjennom ord og tekst. Gjennom å nytta intervju som metode ved innhenting av empiri, får informanten snakka fritt om sine erfaringar og meiningar med sine egne ord, utan føringar frå meg som intervjuar. Sjølv omarbeidinga av empirien føregår etter at den naudsynte informasjonen er samla inn, altså i analysefasen (Jacobsen, 2010).

Grunnen til at eg valde kvalitativ metode er med tanke på problemstillinga eg har, og kva eg vil finne ut av. Å finne ut av korleis ein kan leggja til rette for å skapa gode relasjonar og eit godt samarbeid, er etter mi meining ikkje noko som er målbart. Ved å nytta kvalitativ metode, vil eg også få mogelegheit til å gå i djupna på temaet, og få tak i informantane sine meiningar, haldningar og erfaringar med korleis ein kan byggja gode relasjonar mellom barnehage og heim (Jacobsen, 2010).

2.2 Intervju

Det er vanleg å nytta intervju som verktøy for å innhenta informasjon i kvalitativ metode (Dalland, 2012). Eit intervju kan vere så mykje, alt i frå opne samtalar om eitt eller fleire tema, til strukturerte intervju, der intervjuar har laga konkrete spørsmål på førehand. I det kvalitative forskingsintervjuet skal intervjuaren innhente informasjon om informanten sine opplevingar i kvardagen. I denne oppgåva har eg valt å ha individuelle intervju med med fire pedagogiske leiarar. Såleis kan det verta enklare for meg som intervjuar å skapa tillit til den eg skal intervju, noko som også kan føra til at det vert enklare for informanten å vera open kring sine egne meiningar og oppfatningar. Informanten treng såleis berre å forholde seg til meg, og ikkje til ei større gruppe. Dette kan føre til at informanten snakkar meir fritt om sine erfaringar og meiningar, og torer å opna seg meir (Jacobsen, 2010). Det er ikkje berre fordeler med bruk av denne metoden. Ei slik form for intervju kan også fort verta individualistisk. Det vil seia at meiningar og oppfatningar ofte vert endra i samhandling med andre, og vert ofte påverka av andre (Jacobsen, 2010).

På førehand av intervju laga eg ein intervjuguide med spørsmål og tema som eg såg på som relevante å komma inn på, eller snakka om under intervju. Intervjuguiden er eit verktøy for meg som intervjuar for å sikra at me er innoan dei ulike temaa som eg vil koma inn på i oppgåva (Jacobsen, 2010). På denne måten vil det også verta enklare for meg å passa på at samtalen, eller intervjuet held seg innanfor temaet, slik at eg får relevante opplysningar i høve til oppgåva mi.

2.3 Val av informantar

Eg har valt å intervju til saman fire pedagogiske leiarar i to ulike barnehagar. Alle informantane er kvinner, og kvar av dei har fleire års erfaringar som pedagogiske leiarar. På førehand hadde eg ikkje spesifikke krav til informantane, anna enn at dei skulle vera pedagogiske leiarar. På førehand visste eg at den eine

barnehagen har ekstra fokus på relasjonspedagogikk, og har arbeida mykje med dette. Denne barnehagen vil her gå under namnet Duestien barnehage, og informantane vil gå under namna Anne og Berit. Den andre barnehagen har ikkje hatt spesielt fokus på relasjonspedagogikk, og denne barnehagen vel eg å gi namnet Maurtua barnehage. Desse informantane vil gå under namna Ingrid og Lise. Eg sikrar såleis anonymiteten til informantane ved at eg gir dei fiktive namn.

2.4 Gjennomføring av intervju

Informantane fekk eit eksemplar av intervjuguiden framføre seg under intervju, slik at dei sjølve kunne sjå på spørsmåla undervegs. Såleis vart det enklare for informantane å svara på det eg var ute etter. Intervjuguiden hadde eg strukturert med spørsmål etter tema og emne. Dette merka eg var verdifullt og kom godt med då eg skulle behandle informasjonen eg hadde fått. I tillegg vart det også enklare å halda seg til temaet under intervjuet, utan å spora vekk i frå det eg var ute etter. Undervegs i intervju noterte eg meg informasjon og inntrykk, eller viktige poeng som informantane understreka. Dette var til nytte for meg seinare då eg skulle transkribere og behandle datamaterialet som eg hadde fått. Sjølv om ein nyttar bandopptakar, kan ein aldri stole heilt på at det tekniske verktøyet fungerer slik som det optimalt skal gjere (Jacobsen, 2010). Å nytte bandopptakar under intervju var til stor hjelp for meg då eg bearbeida og transkriberte intervju. Eg kunne spela opptaka om att heilt til eg ordrett fekk notert informasjonen frå informantane. Såleis unngjekk eg at informasjonen vart prega av mine tolkingar av det som vart sagt.

2.5 Analyse og tolking av data

Dalland (2012) meiner at ved å analysere intervju, skal ein finne ut kva intervju fortel. I denne fasen er det viktig å leggja fram intervju på ein så sakleg måte som mogeleg. I tolkinga av intervju, skal eg som intervjuar finne meininga bak den informasjonen eg har fått. Etter at eg hadde gjennomført intervju med bandopptakar, la eg lydfilene inn på dataen. Eg har nytta nummerering og ikkje namn ved oppbevaring av lydfile og intervju etter transkribering. Dette for å sikra anonymiteten og ivareta det etiske omsynet til informantane (Dalland, 2012). På denne måten vil det ikkje verta mogeleg å spore intervju og informasjonen attende til informantane. Lydfilene sletta eg etter at eg hadde transkribert kvart enkelt intervju.

Sjølv om eg hadde sortert spørsmåla etter tema og emne, hendte det at informantane kom tilbake til same tema fleire gonger, uavhengig av spørsmåla. Dalland (2012) hevdar at det kan vera praktisk å lage liste over tema ein ynskjer å setja lys på, og sortera svara innunder dette. Eg ser i ettertid at eg kunne vore endå meir strukturert i bearbeidinga av intervju, då det ville ha letta det vidare arbeidet med informasjonen eg hadde fått.

2.6 Validitet, reliabilitet og feilkjelder

Validitet tyder gyldigheit og relevans (Dalland, 2012). Det vil seia at det ein ynskjer å finna ut, eller å måla, må vera relevant og gyldig ut i frå det ein ynskjer å finna meir ut om. Informasjonen ein får tak i i kvalitativ

metode, kjem alltid frå ei kjelde (Jacobsen, 2010). I dette tilfellet har eg intervjuar fire pedagogiske leiarar, der kvar av dei har fleire års erfaringar med emnet eg intervjuar dei om. Dei vert såleis rekna som fyrstehandskjelder (Jacobsen, 2010). Eg meiner dette vil vera med på å styrke validiteten i oppgåva. I og med at eg berre har intervjuar fire informantar, kan eg ikkje seie at funna mine kan generaliserast, men det kan gi ei peikepinn på korleis personalet i barnehagen ser på dette temaet.

Reliabilitet tyder at oppgåva er truverdig (Dalland, 2012). Målingane ein gjer må vera rett utført, og ein må oppgi eventuelle feil. I og med at eg nytta bandopptakar, og transkriberte intervjuar heilt ordrett, er det lite rom for mine eigne tolkingar av informasjonen eg har fått. På denne måten kan eg få med meg direkte og ordrette sitat, som kan vera tydingsfulle for oppgåva mi (Jacobsen, 2010). Dersom informantane stod fast, var eg bevisst på at eg ikkje skulle stilla leiande spørsmål. Dette opplevde eg til tider som vanskeleg og krevjande å ikkje gjera, med tanke på at eg har teorien ferskt i minnet og ville såleis finne ut om dei verkeleg gjer det slik eller ikkje. Funna mine vil likevel vera vanskelege å etterprøve for andre, min måte å oppfatte svara og tolke informasjonen på, kan ha påverka funna eg har gjort meg (Dalland, 2012).

I samband med pilotintervjuet gjorde eg meg nyttige erfaringar som har vore med på å styrka validiteten og reliabiliteten til oppgåva. Eg valde blant anna å ikkje gi ut intervjuguiden til informantane på førehand, på denne måten fekk ikkje informantane høve til å førebu svara sine. Dette er eit bevisst val eg har teke, fordi eg hadde ynskje om å få informasjon om kva informantane faktisk gjer i praksis, og ikkje at dei skulle gi meg svar som dei trur eg er ute etter.

Den eine informanten hadde ynskje om å få intervjuet i retur etter at eg hadde transkribert det. Dette vil også vera med på å styrka validiteten og reliabiliteten, i og med at informanten kan lese det eg har skrive, og får mogelegheit til å retta opp i eventuelle misforståingar eller liknande. På deler av enkelte av lydopptaka, var det bakgrunnsstøy som gjorde det krevjande å høyre alt informanten sa. Dette kan vera ei feilkjelde, sjølv om eg høyrde mesteparten av setninga, var det gjerne enkelte ord og deler av svaret som vart utydelege og vanskelege å forstå. I fylgje Dalland (2012) vil dette ha innverknad på kvaliteten på intervjuar. Dette kan føre til at relevant informasjon har falle vekk, og kan såleis ha innverknad på både reliabiliteten og validiteten i oppgåva.

2.7 Ethiske omsyn

Ved innsamling av data gjennom intervju, er det viktig å oppretthalda tillita overfor den ein intervjuar (Dalland, 2012). Informantane må oppleva at eg som intervjuar tek omsyn til rett behandling av personopplysningar og anonymisering av svara og informasjonen eg får. Forskingsetikk handlar i stor grad om å ivareta personvernet og å sikra truverda til resultatane i forskinga (Dalland, 2012). Å overhalda teieplikta i eit slikt prosjekt, er også viktig. Difor har eg anonymisert alle personopplysningar. Dette har eg gjort gjennomgåande i prosessen med lagring, behandling og presentasjon av datamaterialet.

Erfaringar frå pilotstudiet, der informanten var skeptisk til bruk av bandopptakar, førte til at eg var tidleg ute med å avtala med informantane om å ta opp intervjuet. Personar reagerer ulikt på bruk av bandopptakar, og nokre kan ha meiningar om at dei ikkje ynskjer at samtalen skal takast opp (Jacobsen, 2010). Difor valde eg å senda eit informasjonsskriv til informantane (sjå vedlegg 1), der eg presiserte kva opptaka skal nyttast til, og at all informasjon vert anonymisert, og vert kunn nytta i høve denne oppgåva.

3.0 TEORI

Eg vil no presentera relevant teori som omhandlar relasjonskompetanse, anerkjening, samarbeid og kommunikasjon. Desse emna ser eg på som relevante og viktige for å byggja god kontakt mellom barnehage og heim i dei daglege møta. Fyrst vil eg sjå på kva lovverket til barnehagen seier om dette samarbeidet.

3.1 Kva seier lovverket?

Rammeplanen (2011) slår fast at barnehagen er plikta til å samarbeida med foreldra og heimen: «Samarbeidet med barnas heim skal ligge til grunn for virksomheten» (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 5). Eit grunnleggjande element for å fremja barnet sitt beste, er at ein har kunnskap om relasjonen som vert danna som fylgje av møtet mellom dei tilsette i barnehagen og foreldre (Sveen, 2010). For at eit slikt samarbeid skal fungera, må også foreldra vera aktive i samarbeidet. Det er likevel personalet i barnehagen som har hovudansvar for å leggja tilrette for samarbeidet, dei skal sørgja for regelmessig kontakt der ein utvekslar informasjon og inviterer foreldra til å ha medverknad (Kunnskapsdepartementet, 2011). Barnehagelova slår fast at «barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (Ingeberg, 2013, s. 13).

3.2 Relasjonar

For at barnet skal ha det godt og finna seg til rette i barnehagen, er både relasjonen mellom barn og personalet og foreldresamarbeidet avgjerande (Drugli, 2010). Personalet i barnehagen har fleire viktige arbeidsoppgåver, og mange roller dei skal fylla. Dei skal blant anna samarbeida både innad i personalgruppa, med barna og med foreldra deira. I tillegg er det viktig at personalet syner omsorg, og dei skal læra i frå seg kunnskapar og normer. Burchinal og Cryer (2003, ref. i Drugli, 2010) understrekar at store amerikanske studiar syner at personalet si evne til å syna omsorg er den viktigaste faktoren for at barna i barnehagen skal få ei positiv utvikling. Særleg for dei yngste barna er omsorgsevna personalet yter avgjerande. Ein viktig føresetnad for at personalet skal gjera ein god jobb, er at dei kan leggja til rette for gode relasjonar, og skapa rom for omsorg og trygg tilknytning prega av nærleik. Pianta (1999, ref. i Drugli, 2010) meiner det er godt dokumentert at positive og nære relasjonar mellom barn og vaksne i barnehagen spelar ei sentral rolle for trivselen til barna. Dei vaksne i barnehagen er saman med barna over lang tid og vert såleis betydingsfulle vaksne som har stor innverknad på korleis barna oppfattar seg sjølv og omverda.

Gode relasjonar kan såleis fremja ei positiv utvikling, og for barn i risikogrupper, kan det hindra ei negativ utvikling.

Relasjonskompetanse handlar i stor grad om at ein kan tilpassa handlingane i situasjonen og relasjonen, gjennom at ein har forståing om at det fins fellestrekk mellom foreldre, men at ein òg ser at foreldre er ulike og har ulike behov og føresetnadar. Ein må kunna lesa den konteksten ein er i (Røkenes & Hanssen, 2006). Kunnskap om korleis ein skapar gode relasjonar er noko ein må tileigna seg, og i fylgje Sveen (2010) må ein arbeida systematisk med dette. Fyrst og fremst må ein kjenna seg sjølv og reflektera rundt sine egne kunnskapar, haldningar og praksis. Vidare meiner ho at relasjonskompetanse kan trenast opp, og må heile tida vidareutviklast. Dette bør stå på dagsordenen i alle barnehagar, og ein må setja av tid til å stilla seg spørsmål som «Hva er det som kjennetegner din væremåte i møte med foreldre? Hvilken betydning kan det ha i jobben din?» (Sveen, 2010, s. 282).

3.3 Anerkjenning

Anne-Lise Løvlie Schibbye (2009) meiner at anerkjenning kan ha fleire vinklingar og tydingar, der ho skil mellom indre og ytre anerkjenning. Med ytre anerkjenning meiner ho at ein vert sett og vurdert for noko ein har gjort, gjennom at ein vert beundra, belønna eller skil seg ut frå dei andre. Med indre anerkjennig meiner ho at ein ser og verdset mennesket slik det er. Ho meiner at anerkjenning ikkje er noko ein har, men noko ein er. Schibbye nyttar Hegels sin definisjon av anerkjenning slik; «(...) innebærer at den andres indre opplevelsesverden blir fokusert og verdsatt som en selvfølge nettopp fordi det dreier seg om et medmenneske» (Schibbye, 2009, s. 258). Vidare meiner Schibbye (2013) at anerkjenning går på vår måte å vera på og våre haldningar, og at det ikkje er ein ting ein kan gi, eller ein teknikk ein kan taka i bruk i samspelet med den andre. «Indre anerkjennelse betyr altså at jeg verdsetter deg, ser deg, forsøker å forstå følelsene dine og søker å dele dem» (Schibbye, 2013, s. 39). Bae (1992) meiner at ein føresetnad for at barn skal kunna utvikla eit positivt sjølvbilette, er å få dei vaksne si anerkjenning av seg sjølv (ref. i Drugli, 2010). Å anerkjenna vil seia at ein tek barnet på alvor i samspelet, og at dei vaksne møter barna med respekt for det barna seier og gjer (Drugli, 2010).

Når det gjeld relasjonar mellom menneske i utvikling og læring, peikar Schibbye (2009) på subjekt-objekt synet, kontra subjekt-subjektsynet. Subjekt-objekt synet er, i fylgje Schibbye (2009), prega av ei oppfatning om at mennesket vert utvikla og danna gjennom ytre påverknad, og at utviklinga av barnet si psykiske verd skjer utanfrå og inn. Eit slikt syn vert ofte prega av belønning og straff. Eit subjekt-subjekt syn derimot, tek utgangspunkt i det genuine ved kvart enkelt menneske. Barnet får då ei kjensle av å vera verdsett uavhengig av kva det står for eller presterer. Når ein arbeider med barn, kan det vera lett å plassera dei i diagnostiske kategoriar prega av ytre prestasjonar, og «(...)da er det ofte snakk om hva slags ytre trekk og egenskaper klienter har, og lite fokus på deres opplevelser» (Schibbye, 2009, s. 33). Medan subjekt-objekt synet har fokus på problemet, har subjekt-subjekt synet fokus på opplevinga. «Barn sosialiseres ikke bare

utenfra og inn, men i samspill. Det dreier seg om to *subjekter* som har *felles* opplevelser, men som samtidig er *forskjellige*» (Schibbye, 2009, s. 36).

3.4 Samarbeid

Drugli (2010) peikar på at det er viktig at barnehagen og foreldre samarbeidar om barnet. Barn som går i barnehagen, er deltakarar av fleire arenaer, der barnehagen er den eine arenaen og heimen den andre. Det som skjer i den eine arenaen, vil påverka barnet gjennom oppførsel og trivsel i den andre arenaen. For barna er det viktig at dei opplever at kvardagen heng saman, og denne opplevinga er både personalet i barnehagen og foreldra ansvarlige for å leggja tilrette for barnet. Vidare hevdar Drugli at for å skapa ein best mogeleg flyt og samanheng i barna sin kvardag, vil det difor vera naudsynt at personalet og foreldre snakkar saman om korleis barnet har det i dei ulike arenaane som barnet er deltakar i. Bø hevdar at «barn påvirkes av alle de kontekster de ferdes i, og det er alltid gjensidig påvirkning mellom kontekster» (Bø, 2011, s. 144).

Lind (1990, ref. i Bø, 2011) påpeikar at barn er svært sårbare og vert lett påverka av dårlege relasjonar mellom pedagogar og foreldre. Dersom samarbeidet ikkje går av seg sjølv, kan det vera gunstig sett i frå barnehagen si sida å ha utarbeida gode rutinar og planar for korleis samarbeidet skal fungera. Drugli (2010) viser til forskning som syner korleis kvaliteten på samarbeidet mellom barnehagen og heimen vert påverka av relasjonen mellom barnet og personalet. Det syner seg at dersom det er gjensidig og varm kommunikasjon mellom personalet og foreldre, vil dette påverka trivselen til barnet, og korleis det fungerer i barnehagen. Negativ kontakt mellom personalet og foreldre, kan føra til dårleg relasjon mellom personalet og barnet. Dette kan føre til at mange foreldre ikkje torer å ta opp vanskelege saker med personalet i barnehagen, då foreldra kan vera redde for at dette kan føre til konflikt mellom dei og personalet, og at dette igjen vil gå utover barnet deira i ettertid.

Drugli og Onsøyen (2010) legg vekt på kor viktig det er å etablera god og positiv kontakt med foreldra før det har oppstått eit problem eller vanskar med barnet. Det er alltid den profesjonelle som har hovudansvaret for at samarbeidet med foreldra skal fungera. På denne måten kan ein seia at det vil vera ei form for maktubalanse mellom foreldra og den profesjonelle. Gjennom si yrkesrolle vil den profesjonelle ha makt. Her er det viktig at den profesjonelle, som i barnehagen gjerne vil vera førskulelærer eller pedagogisk leiar, er bevisst på korleis ein kan byggja ein grunnmur i form av gjensidig openheit og tillit, der ein har eit felles ansvar for barnet. Ved å vera bevisst på korleis ein best mogeleg kan få eit positivt forhold til foreldra, kan ein oppnå tillit og respekt hjå foreldra, som til dømes gjennom dei daglege møta, som i hente- og bringesituasjonar.

3.5 Kommunikasjon

Røkenes og Hanssen (2006) seier at me menneske er født med evna til å kommunisere. Gjennom språkutvikling og samspel med andre menneske vert denne evna utvikla. I dei ulike yrkessamanhengane må

ein finna ei god og formålstenleg måte å vera seg sjølv på. Kommunikasjon er dessutan eit viktig verkty når ein skal samhandle og arbeida med menneske. Som fagfolk møter ein fleire utfordringar når det gjeld kommunikasjon enn det ein gjer i dagleglivet elles. Det er naudsynt å ha relasjonskompetanse for at ein skal klara å ta vare på dei ulike sidene ved yrkesutøvinga. Vidare meiner dei at relasjonskompetanse handlar om å samhandle og å forstå dei menneska ein møter i yrkessamanhengen på ein god og formålstenleg måte. «En relasjonskompetent fagperson kommuniserer på en måte som gir mening, som ivaretar den overordnede hensikten med samhandlingen, og som ikke krenker den andre parten» (Røkenes & Hanssen, 2006, s. 7).

Ein grunnleggjande og vesentleg del av relasjonskompetanse, er at ein kjenner seg sjølv (Røkenes & Hanssen, 2006). Dette er naudsynt for at ein skal kunna oppfatte den andre parten si oppleving av situasjonen og det som skjer i samspelet. Som fagperson må ein kunna gå inn i ein relasjon der ein legg tilrette for god kommunikasjon, med føremål om at det som skjer er til den andre parten sitt beste. Ein må kunna både å samhandle og handla når ein arbeidar med menneske. For å kunna gjera dette, er det ein viktig føresetnad at ein møter den andre parten som eit subjekt. Det vil seia at ein møter den andre parten med respekt, og ser på den andre parten som eit handlande og sjølvstendig individ. I kommunikasjon med andre, er det viktig at ein tenkjer over korleis kroppsspråk og haldningar vil ha innverknad på møtet med andre personar (Sveen, 2010). Ein sentral del av relasjonskompetanse er den non-verbale kommunikasjonen. Eit kjenneteikn på å vera i subjekt-posisjon, er at ein får ei oppleving av at ein vert sett. For at personalet i barnehagen skal kunna samarbeida godt med foreldre, må personalet kommunisere med foreldra gjennom subjekt-subjekt-synet.

Som førskulelærer og pedagogisk leiar vil ein møta barn som kjem i livssituasjonar der dei treng hjelp (Gamst, 2011). Då er personalet i barnehagen viktige signifikante vaksne som bryr seg. I fylgje Barnehagelova har barn rett til deltaking og medverknad (Ingeberg, 2013). Dei treng difor kompetente vaksne som kan leggja til rette for kommunikasjon. Det er viktig for barna si oppleving av identitet og eigne behov at dei vert sett og forstått ut frå sitt eige perspektiv. Det enkelte barn treng å knytta seg til minst ein fast vaksenperson i barnehagen. Denne relasjonen må byggja på varme, sensitivitet og lytting for å danna gjensidig tillit. Dei tilsette i barnehagen kan nytta samtalar med barna om daglegdagse tema som ein pedagogisk metode som skapar trygge barn ved at dei vert tekne på alvor og lytta til (Gamst, 2011). Brendeland (2012) meiner at oppgåva til personalet i barnehagen er å hjelpa med å leggja til rette for at barnet sjølv kan starte samtaleforteljingar med foreldra sine. Desse forteljingane meiner ho er den beste dokumentasjonen frå barna sin dag, og at foreldra meir enn gjerne vil vera gode lyttarar og hjelparar i desse samtalanene.

3.6 Dei daglege møta

Eit heilt naudsynt verkemiddel for å kunna møta barna og ta deira behov på alvor, er at barnehagen legg tilrette for gode møter med foreldra (Sveen, 2010). Det har stor verdi at dei viktige vaksne i barna sine liv

har synleg og positiv kontakt med kvarandre. Dette vil påverka utviklingsmoglegheitene til barna, både sosial og kognitiv utvikling. Når dei vaksne har synleg positiv kontakt, vil dette skapa tryggleik og barnet får ei oppleving av at verda heng saman (Bø, 2011).

Den fyrste og viktigaste relasjonen eit barn deltek i, er relasjonen mellom barnet og foreldra (Sveen, 2010). Denne relasjonen vil påverka barnet si utvikling i mykje større grad enn det barnehagen gjer. For at barnehagen skal kunna leggja tilrette for barnet på ein best mogeleg måte, treng dei tilsette i barnehagen informasjon frå foreldra. Dette krev både aksept og samarbeid mellom barnehage og heim (Drugli, 2010).

Ein skil mellom primær- og sekundærsosialisering, der primærsosialiseringa startar allereie ved fødselen (Larsen & Slåtten, 2011). Sekundærsosialiseringa føregår gjennom andre institusjonar barnet deltek i, som til dømes barnehagen. Barn som går i barnehagen, er deltakarar av både primær- og sekundærsosialisering, gjennom at desse to sosialiseringformene føregår parallelt med kvarandre. Det som skil desse to sosialiseringformene er kva typar relasjonar som føregår mellom barnet og andre barn og vaksne, og kva barnet tileignar seg og internaliserer. Det vil seia i kva grad barna tek til seg normene og verdiane i dei ulike arenaane, og gjer dei til sine eigne. Professor Sjøbstad (ref. i Sveen, 2010) meiner at barnehagen står i ein god posisjon til å kunna påverka foreldra, så vel som barna gjennom å byggja tillit mellom barnehage og heim.

Drugli (2010) påpeikar kor verdfullt det er med vaksne som bryr seg om heile barnet, for å skapa positive og utviklingsstøttande relasjonar. Dei vaksne i barnehagen må bryr seg om korleis barnet har det både når det er i barnehagen, og korleis det har det heime. Like viktig er det at foreldra bryr seg om «familiebarnet» som «barnehagebarnet». Denne informasjonen kan utvekslast mellom personalet og foreldra gjennom historiar som vert fortalt mellom partane. Dette vil føre til at barnet føler at foreldre og barnehage samarbeidar med kvarandre, og barnet får glidande overgang mellom dei ulike arenaane (Hafstad og Øvreeide, 1998, ref. i Sveen, 2010). Ved at foreldra får innsikt i kva barnet har gjort på i løpet av dagen, vil det opna opp for at barnet og foreldre kan ha ein samtale om barnehagekvardagen ved til dømes middagsbordet heime om ettermiddagen. Kor mykje informasjon barnet klarar å formidla sjølv, vil vera avhengig av alderen til barnet. Dess yngre barnet er, dess meir avhengig er det av å ha vaksne rundt seg som kan stilla barnet leiande spørsmål. På denne måten fungerer dei vaksne som støttande stillas (Vygotsky, 1978, ref. i Sveen, 2010). For å kunna stilla slike leiande spørsmål, er ein heilt avhengig av at den vaksne veit kva barnet har gjort på.

Bø (2011) hevdar at førskulelærarar har ein gyllen mogelegheit til å fortelje foreldre om kva som har hendt i barnehagen i løpet av dagen, gjennom at dei møter foreldre dagleg. Denne daglege kontakta kan vera med på å skapa tillit overfor foreldre gjennom å syne at barnet deira vert sett. Vidare meiner ho at ein må organisere personalgruppa slik at nokon frå personalet er tilgjengeleg i til dømes garderoben når barnet vert henta om ettermiddagen. Det vil likevel ikkje hjelpe at personalet er tilgjengeleg i hentesituasjonen, dersom dei ikkje er opptekne av å formidle informasjon og daglege hendingar til foreldre. Personalet må

vera bevisste på, og aktivt bruka hentesituasjonane til å formidle til foreldre. Personalet si oppgåve er å tilby foreldra informasjon om barnet.

3.7 Relasjonsbygging

I fylgje Spurkeland (2012) er tillit bærebjelken i alle relasjonar. Evna til å byggja tillit er såleis heilt avgjerande for å byggja gode relasjonar. Ein leiar må ha evna til å byggja tillit, og den enklaste måten å gjera det på er å handla og reagera forutsigbart. Tillit skapar sympati og positive forventningar om at leiaren er lojal og støttande sjølv om ein har ulike meiningar i enkelte situasjonar. Menneskeinteresse er ei anna viktig og grunnleggjande dimensjon ved relasjonsbygging (Spurkeland, 2012). Aktiv engasjement i andre menneske og evna til å syna positive kjensler for andre er viktige eigenskapar når ein skal skapa gode relasjonar. I relasjonsbygging meiner han at det å læra namn er den fyrste fasen. Han meiner at ein ikkje kan gå vidare i ein relasjon utan å hugsa namnet til den ein er i relasjon med.

4.0 EMPIRI

Eg vil no presentera funna eg har gjort gjennom intervju, som bearbeida tekst. Fyrst transkriberte eg intervju ordrett, og no vil eg fortelja om funna, utan mine føringar og meiningar kring det eg har funne ut. I ein open metode skal informantane, i fylgje Jacobsen (2010), få snakka mest mogeleg fritt utan føringar frå meg som intervjuar. Eg vil nytta dei fiktive namna på informantane og barnehagane, som eg nemnde i metodekapitlet i avsnittet om val av informantar.

4.1 Relasjonar

Duestien barnehage har gjennomført eit toårig prosjekt i personalgruppa der dei hadde fokus på relasjonar. Sjølv om prosjektet no er avslutta, har personalet fortsatt eit bevisst forhold til relasjonar og ser på dette som ein viktig del av arbeidet i barnehagen. Begge informantane i denne barnehagen sa at denne tanken og arbeidet med dette, er noko dei framleis har fokus på, sjølv om prosjektet no er avslutta.

Både Anne og Berit i Duestien barnehage legg vekt på at personalet har fokus på å læra namna til alle barna som går i barnehagen, og namna til foreldra på den avdelinga ein arbeidar på. Begge to fortalte at personalet er opptekne av at det er viktig å nytte namn i møtet med både barna og foreldre. Anne og Berit meiner at det å nytta namn, gjer at ein vert litt meir personleg, og det kan verta lettare å knyta tettare kontakt med kvarandre.

Ingrid i Maurtua barnehage seier at dei har teke opp på personalmøter korleis ein kan skapa gode relasjonar, og kva som møter foreldra når dei kjem inn i barnehagen. Dette meiner ho går på haldningar. «Me er opptekne av å vera positive vaksne som skal møte foreldre og sei hei og god morgon, og vise at me ser alle barna. Foreldre og barn skal føle at dei er velkomne». For nokre månadar sidan hadde Maurtua barnehage ein planleggingsdag der dei hadde fokus på det å skapa gode haldningar, «(...) noko som også

går på samarbeid mellom barnehage og heim og relasjonar i forhold til barn og vaksne» (Ingrid, Maurtua barnehage).

Berit meiner at dersom ein har eit tettare og nært forhold til foreldre, vert det enklare å ta opp ulike saker, både positive og negative. Ho legg vekt på at dersom ein skal ta dei vanskelege samtalan, er det godt at ein har fått bygd relasjonar og vorte kjent med foreldra. Ho framhevar at det er personalet sitt ansvar å leggja tilrette for dette. Begge informantane i Duestien barnehage sa at det var viktig å bruka tid på å verta kjend med foreldra.

Å vera bevisst på vaksenrolla i møtet med barna, og korleis ein anerkjenner deira behov og kjensler, meiner Anne er viktig. Dette er noko begge barnehagane har arbeida med. Ingrid i Maurtua barnehage meiner det er anerkjenning når barna opplever meistringskjensle. Anne i Duestien barnehage meiner at personalet må syne at dei forstår barna sine meiningar og kjensler, og setta ord på det. Vidare fortel ho at av og til kan barn verta lei seg og frustrerte fordi dei ikkje får det slik som dei vil, og då er det viktig at den vaksne kan snakka med barnet og forklara at ho forstår kjenslene til barnet. «Hvordan vi reagerer overfor barna, sier så mye til barna om hvem de er», seier Anne i Duestien barnehage. Vidare meiner ho at det av og til kan vera naudsynt å setja ei grense for barnet, men det er måten ein set grense på, som er viktig. Ingrid sa at i Maurtua barnehage har dei hatt kommunikasjon med barn som tema på personalmøte, for å verta bevisste på korleis dei ser og anerkjenner barna. «Ein må av og til setja ei grense, men det er måten ein set grenser på...det kan av og til vera utfordrande i kvardagen som til tider kan vera ganske travel» (Ingrid, Maurtua barnehage).

I ein til tider travel barnehagekvardag, kan personalet føle på at ein skulle ynskja at ein hadde betre tid til å sjå kvart enkelt barn, hevdar Ingrid i Maurtua barnehage. Både Anne i Duestien barnehage og Lise i Maurtua barnehage meiner det er enklare å syne overfor foreldre at dei ser dei yngste barna, enn dei litt eldre, då dei yngste er meir avhengig av dei vaksne si hjelp i kommunikasjonen. I tillegg er det mykje konkret informasjon om dei yngste barna som skal vidareformidlast til foreldra. Anne meiner at dei eldste barna klarer i større grad å formidla mykje av informasjonen sjølv, med litt hjelp og støtte frå dei vaksne.

I begge barnehagane deler dei barnegruppa inn i fleire mindre grupper, der dei nyttar primærkontakar, dette vert særleg gjort i oppstartsfasen. På Lise si avdeling i Maurtua barnehage er oppgåva til primærkontakta å sjå og halda eit ekstra auge med dei barna som ein er primærkontakt til, men Lise opplever at dette med primærkontakt har lett for å detta vekk etter kvart, og meiner at det er viktig at alle i personalet vert kjent med barnet. Også Berit i Duestien barnehage meiner det kan vera vanskeleg å fylgje skikkeleg opp ordninga med primærkontakt, og har erfaring med at det fort kan gli litt ut. Begge barnehagane har eit vaksystem som gjer at det ikkje er sikkert at primærkontakta er til stades i barnehagen når barnet vert henta, men då har primærkontakta ansvar for å vidareformidla beskjedar og informasjon vidare til seinvakta, slik at foreldra får informasjon om barnet og kva det har gjort på i løpet av dagen. Lise legg vekt på at for at barna skal få ein trygg og god start, må det oppleva at det vert sett, og føla

seg trygg, og uttalar vidare: «Har barnet fått ein trygg start, finn det seg fortare til rette. Men barn er ulike, nokre finn seg fort til rette, andre treng lengre tid».

4.2 Dagleg kontakt

Både Anne og Berit uttala at dei daglege møta med foreldra, slik som i hente- og bringesituasjonar, er eit godt utgangspunkt for å skapa gode relasjonar mellom barnehagen og heim, og det er i desse møta dei er særleg merksame på å nytta namna til foreldra. Også Ingrid og Lise i Maurtua barnehage er opptekne av det daglege møtet, og meiner at i desse situasjonane får personalet mogelegheit til å formidla kva barnet har gjort på i løpet av dagen, små episodar og hendingar barnet har vore med på, og liknande. Ingrid uttalte at i bringesituasjonen kjem ofte foreldre med informasjon om barn som personalet skal ha eit ekstra auge med i løpet av dagen. Det kan vera informasjon om noko som har hendt i heimen, om barnet har vore sjukt, kven som skal henta og så vidare. Ingrid trekkjer fram at dialogen ein har med foreldra er svært viktig, og at denne dialogen er ho veldig oppteken av. Ved å utveksla informasjon meiner Anne at det vil verta enklare for personalet og forstå barna, og å leggja tilrette for barna sine behov i kvardagen. Dette meiner ho er heilt naudsynt for at barna skal føle at dei ikkje møter to ulike verder. Berit i Duestien barnehage uttrykte det slik: « (...) så egentlig har vi som barnehage mulighet til å bli litt bedre kjent og få litt bedre relasjoner enn det man har på skolen, der man gjerne ikke møter foreldre en gang».

Anne og Berit i Duestien barnehage sa at dei er bevisste på at personalet skal gå ut i garderoben for å ta imot barnet og foreldra når dei kjem for å levera barnet om morgonen. Dersom personalet til dømes er opptekne med frukost inne på avdelinga, har dei avtala med foreldre om at dei kan fylgje barnet inn på avdelinga og møte personalet der. Dette har dei fått tilbakemelding på frå foreldre at dei tykkjer er greitt å gjera.

I begge barnehagane er dei opptekne av at foreldra skal få informasjon om sitt barn og kva det har gjort på i løpet av dagen. På grunn av vaktordningane i barnehagane, er det ikkje sikkert at primærkontakta er til stades når barnet vert henta. Alle informantane meiner at det difor er viktig at informasjon om barna vert vidareformidla til seinvaktene, slik at dei kan snakke saman med foreldra når dei kjem for å hente. Anne i Duestien barnehage uttrykkjer at ho kunne ynskja at barnehagen hadde betre rutiner for å overlevera informasjon om kvart enkelt barn. Berit i Duestien barnehage meiner at det også varierer frå foreldre til foreldre om kor opne dei er overfor barnehagen. Ho meiner at:

dersom vi ønsker at foreldrene skal åpne seg opp for oss, må de bli trygge på oss. Jeg skjønner at de må bli trygge på oss viss vi vil at de skal snakke med oss. Man må bli kjent slik som man blir kjent med andre folk rett og slett.

Vidare uttrykkjer ho at det å ha noko ekstra å fortelja om barnet når dei skal gå heim for dagen, som til dømes ein liten episode som har skjedd, er med på å gi foreldra ei tryggleik på at barnet deira vert sett. Dersom ein ikkje har noko å fortelja, vil gjerne foreldra verta urolege for om barnet verkeleg vert lagt merke til i barnehagen, men foreldre flest er flinke til å spørje, meiner ho. Berit opplever også at

kommunikasjonen går begge vegar når det gjeld hente- og bringesituasjonar. Det er ikkje berre personalet som fortel om barnet, men foreldra fortel gjerne noko dei også.

Å kunna formidla noko positivt og ikkje berre negative episodar til foreldra, meiner Anne i Duestien barnehage er viktig. Ho legg vekt på at sjølv om det kanskje skjer mykje negativt rundt enkelte barn, gjer alle barn noko positivt. Då er det viktig å leggja vekt på å formidla det positive. Ingrid i Duestien barnehage er oppteken av at foreldre ikkje skal vera redde for at dei kjem inn døra og berre får negative tilbakemeldingar om sitt barn. Samstundes uttalar Ingrid i Maurtua barnehage at ein ikkje berre skal gi tilbakemeldingar på alt som går bra, men at ein og må gi tilbakemeldingar på utfordringar ein opplever med barnet.

4.3 Struktur, tid og hyppighet

For å sikre at alle barna vert sett og lagt merke til i løpet av dagen, nyttar fleire av informantane seg av å dela barnegruppa inn i fleire mindre leikegrupper. På avdelinga til Berit i Duestien barnehage, har dei noko som dei kallar for planlagde leikegrupper. Her deler dei avdelinga inn i mindre leikegrupper, der kvar gruppe har med seg ein eller fleire vaksne i aktiviteten dei held på med. På denne måten vil det verta enklare å følgje opp barn som treng ekstra hjelp og støtte for å byggja relasjonar med andre, eller for å koma i gong med leik. Nokre barn treng gjerne hjelp av vaksne for å finna seg vener, og dette vil verta enklare å få til dersom ein har mindre leikegrupper. På avdelinga til Ingrid i Maurtua barnehage deler dei gjerne avdelinga i mindre grupper, særleg når dei er ute på tur. Dette gir rom for meir samtale med barna, og det vert enklare å sjå kvart einskild barn når ein er i mindre grupper, meiner ho.

Alle informantane er samde om at kor mykje tid ein nyttar til foreldresamtalar per dag, vil variera ut i frå kva vakter ein har. Dei uttalar at barnehagekvardagen kan vera hektisk, og det kan vera vanskeleg å få sett av tid til ein skikkeleg samtale med foreldra kvar dag. Alle informantane føler likevel at dei får nok tid i kvardagen til slike uformelle møter med foreldra, samanlikna med kor mykje tid dei opplever at foreldra har til disposisjon. Alle informantane meiner at dersom det kjem mange foreldre samstundes og hentar eller leverer barna sine, kan det verta travelt og krevjande å møte og sjå alle foreldre. Då må ein prøve å disponera tida, slik at ein får sett og snakka litt med alle. Lise og Ingrid i Maurtua barnehage opplever at foreldre har forståing for at det vert korte samtalar i dei daglege møta dersom personalet er tilsynelatande opptekne, eller travle, som til dømes med bleieskift og liknande når foreldre kjem og hentar barna sine.

4.4 Kvifor er samarbeidet med foreldre viktig?

Berit og Anne i Duestien barnehage framhevar viktigheita av at samarbeidet mellom barnehage og heim fungerer godt, det må vera ei viss samanheng med kva barnet får med seg i barnehagen, og kva det får med seg heime. Eit godt samarbeid vil dessutan skapa ei tryggleik hjå foreldra om at barnet deira har det bra i den tida dei tilbringer i barnehagen, og det vil gi ei tryggleik for barna når dei opplever at barnehage og heim er samkøyrt, meiner dei. For at barnehagen skal kunna leggja best mogeleg tilrette for barnet, er det

viktig at barnehagen får informasjon om korleis barnet har det på heimebane, meiner Anne i Duestien barnehage. Det barnet gjer og opplever heime, vil påverka barnet i barnehagen, og omvendt. For at personalet i barnehagen skal få eit så heilskapleg syn på barnet som mogeleg, krev det difor at foreldre og personalet kommuniserer med kvarandre, og samarbeidar til barnets beste. «Man kan finne ut av mye ved å snakke sammen» (Anne, Duestien barnehage).

I møtet med foreldre er det viktig at ein spelar med opne kort, og er bevisst på korleis ein kommuniserer med foreldra, framhevar Anne. Når det gjeld foreldresamtalar, prøver Anne å alltid opne samtalanane med at det er foreldra som kjenner barna best, men at det er ho som kjenner barnet best i barnehagen. Ingrid har opplevd at personalet og foreldre av og til kan vera usamde om noko. Om dette uttalar ho «(...) av og til må me berre vera litt audmjuke me som personale og, me kan ikkje berre dura over foreldra heller...men det er viktig at me er tydelege på det me meiner». Det er viktig at personalet i barnehagen møter foreldra med eit ope sinn og ei positiv haldning, meiner Anne i Duestien barnehage. Ho meiner at ein må skapa tillit til kvarandre, slik at både personalet og foreldre torer å ta opp ulike saker, sjølv om det kan handle om vanskelege emner. Samarbeidet vert sett på prøve dersom det ikkje fungerer den eine vegen. Ingrid i Maurtua barnehage uttalar:

Foreldre skal vera med på å påverke barnehagen, det går ikkje berre ein veg. Det er noko med å føle tilhøyre til barnehagen, tenkjer eg. Då kjem ein litt innunder huda til barnehagen, og det er med på å skapa positivitet.

5.0 DRØFTING

Vidare i oppgåva vil eg trekkja linjer mellom teori og empiri og finne ut korleis ein kan skapa gode relasjonar mellom barn og vaksne i barnehagen, og såleis leggja eit grunnlag for samarbeid mellom barnehage og heim. Dette kapittelet har eg valt å dela inn i tre hovudtema, relasjonar, anerkjenning og samarbeid. Desse emna ser eg på som sentrale i å byggja gode relasjonar mellom barnehage og heim. Den daglege kontakta, og korleis ein kan strukturere samarbeidet, vil verta drøfta gjennomgåande i desse hovudtemaa. Eg vil også kommentera med mine eigne tankar og meiningar kring dei ulike emna.

5.1 Relasjonar

Drugli (2010) legg vekt på at barnehagen skal skapa relasjonar som er prega av omsorg og trygg tilknytning. Spurkeland (2012) meiner at å læra namn er den fyrste fasen i relasjonsbygging. I Duestien barnehage har heile personalgruppa hatt særleg stort fokus på at alle dei vaksne skal kunna namna til alle barna som går i barnehagen, og til foreldra deira. På denne måten vil det verta enklare for store og små å kunna skapa relasjonar mellom kvarandre, og ein vil få eit tettare og meir personleg band om ein kan helsa god morgon til Kari, i staden for mor til Per. Eg kan sjå samanhengen mellom Duestien barnehage sitt bevisste arbeid med å nytta namn og Spurkeland sin teori. Eg trur det er viktig å ha fokus på å læra seg namna til barna så

raskt som mogeleg, då dette vil føre til at barna føler seg sett og verdfulle. Samtalen og relasjonen vert meir personleg med ein gong ein nyttar namn, og eg meiner at dette er noko ein må arbeida bevisst med.

Tillit er ein av bærebjelkane i relasjonar, i fylgje Spurkeland (2012). Dette kan ein opparbeida seg over tid, eller det kan fort verta øydelagd. Dersom foreldra merkar at barna har det bra i barnehagen, og at barnet deira vert sett og lagt merke til, vil dette skapa tillit hjå foreldra også (Bø, 2011). Dette kan eg sjå i samanheng med det Drugli (2010) seier om korleis relasjonane mellom personalet og foreldra vil påverka korleis barnet trivst og finn seg tilrette i barnehagen. Berit og Anne i Duestien barnehage har eit bevisst forhold til korleis ein kan skapa relasjonar og tillit overfor både barn og foreldre. Dette fekk eg også tydeleg inntrykk av under intervjuet, gjennom deira bevisste haldningar til emnet. Dei hadde begge fokus på at det er viktig å møte foreldra kvar dag når dei kjem for å hente eller levere barna sine. Bø (2011) meiner også at dei daglege møta mellom foreldre og barnehage, er eit godt utgangspunkt for å byggja tillit og skapa relasjonar mellom foreldre og barnehage. I desse situasjonane får foreldre mogelegheit til å formidla informasjon om «familiebarnet» til barnehagen, og barnehagen kan koma med informasjon om «barnehagebarnet» til foreldra, slik som Drugli (2010) hevdar. Personalet får såleis mogelegheit til å syne overfor foreldre at dei ser barnet deira, gjennom at dei kan formidla små episodar om barnet frå kvardagen, som til dømes om barnet har lært seg nokre nye ord i løpet av dagen. Dette vil også ha innverknad på barnet, då barnet kan få ei kjensle av at verda heng i hop, gjennom at foreldre og barnehage samarbeidar om barnet for at barnet skal ha det best mogeleg. I og med at barnehagekvardagen vil ha innverknad på korleis barnet har det heime om ettermiddagen, er det heilt naudsynt at foreldre og personalet samarbeidar og kommuniserer med kvarandre (Bø, 2011). Eg meiner at informasjonsutveksling om barnet er naudsynt for at barnet skal trivast og ha det best mogeleg både heime og i barnehagen.

Berit i Duestien barnehage uttalte så fint: «(...)egentlig har vi som barnehage mulighet til å bli litt bedre kjent og få litt bedre relasjoner enn det man har på skolen, der man gjerne ikke møter foreldrene en gang». Informanten understrekar etter mi meining eit viktig poeng med dette utsagnet. Som barnehage har ein eit godt utgangspunkt for å byggja relasjonar mellom barnehage og heimen, gjennom dei daglege møta, slik som i hente- og bringesituasjonane. Særleg viktig vil dette vera i arbeidet med dei yngste barna i barnehagen. Dei kommuniserer gjerne mest gjennom kroppsspråk, og er meir avhengige av dei vaksne som formidlarar, enn det dei eldste barna er. Brendeland (2012) meiner at det er personalet si oppgåva å leggje tilrette for at barn skal starte samtaleforteljingar med foreldra sine. Her er det viktig å vera bevisst på alderen til barna når ein skal leggja tilrette for desse samtalanane. Dette vil igjen krevje at personalet i barnehagen veit noko om kva barnet har gjort på i løpet av dagen. For at barnet skal ha støttande vaksne rundt seg i desse samtalanane, vil det vera avhengig av at personalet er organisert slik at det alltid er ein person tilgjengeleg under bringe- og hentesituasjonane. Slik som Bø (2011) hevdar, hjelper det ikkje at personalet er tilgjengeleg i desse situasjonane, dersom dei ikkje er bevisste på å ha noko å formidla om barnet, eller om dei ikkje veit kva barnet har gjort på i løpet av dagen. Eg meiner at dersom foreldra får

innsikt i kva barnet har gjort på i løpet av dagen, vil dette også gi eit utgangspunkt for vidare samtale mellom foreldre og barn, til dømes rundt middagsbordet. I tillegg vil også foreldra få betre innsikt i kva barnet gjer på, og korleis det har det i barnehagen. Anne i Duestien barnehage uttrykkjer at ho kunne tenkt seg at barnehagen hadde betre rutinar på overlevering av informasjon. Kanskje vil det verta enklare for personalet å vidareformidla informasjon til foreldra dersom personalet noterte seg hendingar og opplevingar, eller liknande om barnet. Her kan til dømes personalet på kvar enkelt avdeling nytta ei tavle eller liknande, der dei skriv ned små hendingar eller utsagn som barna har kome med. Denne tavla kan til dømes stå i garderoben saman med nokre konkrete ting barna har arbeida med, eller noko som har oppteke dei i løpet av dagen. Dette vil kanskje vekka ei interesse blant foreldra, då dei har noko konkret å ta utgangspunkt i for vidare samtale med barnet. Eg meiner likevel at personalet må vera tilgjengeleg i desse situasjonane for å hjelpe og støtte barna i samtaleforteljningane og for å gi og ta i mot informasjon om barnet.

Anne i Duestien barnehage meiner at med dei eldste barna kan personalet leggja meir opp til at barnet formidlar delar av informasjonen sjølv, gjennom at personalet spør barnet kva det har gjort på, kven det har leika med, og så vidare medan foreldra er til stades. På denne måten vil personalet opptre som eit støttande stillas (Vygotzky, 1978, ref. i Sveen, 2010) overfor barnet, gjennom at personalet kan fylle på med utfyllande informasjon, og hjelpe barnet til å fortelje sjølv. Dette er i tråd med det Gamst (2011) meiner, om at barn treng kompetente vaksne som kan leggja til rette for kommunikasjon.

Røkenes og Hanssen (2006) legg vekt på at ein vesentleg del av relasjonskompetanse er at ein kjenner seg sjølv. For å kunna oppfatta den andre parten si oppleving, krev det at ein kommuniserer med kvarandre. Dei meiner dessutan at mennesket er født med evna til å kommunisere. Ingrid og Lise i Maurtua barnehage påpeika at personalgruppa har arbeida med å verta meir bevisste og merksame på korleis ein kommuniserer med andre. Anne i Duestien barnehage meiner at det er viktig at ein som fagperson møter foreldra med eit ope sinn og ei positiv haldning. Slik som Sveen (2010) hevdar, er den non-verbale kommunikasjonen ein sentral del av relasjonskompetansen. Etter mi mening er det viktig å vera bevisst på korleis ein kommuniserer med andre menneske. Kroppsspråket og vår haldning fortel mykje om oss som person i kommunikasjon, og det kan verta lett for den andre parten å sjå om ein er interessert og lyttar til det den andre har å seia, eller ikkje. Eg meiner ein kan koma langt med eit smil og litt humor i kommunikasjonen med andre, men at dette må tilpassast situasjonen ein er i. Ein må vera merksam på at ein ikkje krenkjer den andre parten i samhandlinga (Røkenes, Hanssen, 2006). For å verta bevisst på korleis ein kommuniserer, må ein vera merksam på kva som påverkar kommunikasjonen.

5.2 Anerkjenning

Drugli (2010) hevdar at å gi anerkjenning vil seia at ein tek barnet på alvor i samspelet, der ein som vaksen møter barn med respekt for det dei seier og gjer. Mange vil kanskje forbinda anerkjenning med at ein skal møte den andre personen ved å gi den positive tilbakemeldingar på det den gjer, eller seier. Anerkjenning

handlar om korleis ein møter barnet. For at eit barn skal kunna utvikla seg, er det avhengig av å få respons på både positive og negative handlingar. Dette er å møte barnet med anerkjenning. Ein må møte barnet med eit ope sinn, der ein legg til rette for at barnet skal få tru på seg sjølv. Anne i Duestien barnehage meiner det er svært viktig å vera bevisst på korleis ein møter barn, og anerkjenner deira behov og kjensler. Scibbye (2013) meiner at anerkjenning går på våre haldningar og veremåte til den andre, og at dette er ein teknikk ein kan nytte i samspelet med andre. Ingen av informantane skil mellom indre og ytre anerkjenning, slik som Schibbye (2009) gjer. Informantane gir uttrykk for at anerkjenning og meistringskjensle heng i hop. Eg tenkjer her på utsagnet til Ingrid i Maurtua barnehage som uttalar seg om at barnet vert anerkjent når det opplever meistringskjensle. Etter mi meining er Ingrid inne på noko her, barn som opplever meistringskjensle, vert ofte møtt med positiv respons på det barnet har klart å utføre, som til dømes å sykle på to-hjulsyssel. Her vert barnet møtt med ytre anerkjenning. I arbeid med menneske meiner eg det er viktig å verdsetja mennesket for slik det er, uavhengig av prestasjonar, eller utsjånad. Som tilsett i barnehagen må ein sjå alle barna, og ein må respektera ulikskapar. Ingen personar er like, og dette må ein godta. Difor meiner eg det er viktig at ein har kunnskap om, og tek i bruk den indre anerkjenninga i møtet med andre menneske. Eg er samd i det Bae (1992, ref. i Drugli, 2010) hevdar om at barn er avhengige av dei vaksne si anerkjenning for å utvikla eit positivt sjølvbilete.

Shcibbye (2009) snakkar om subjekt-subjekt-synet, der ein tek utgangspunkt i det genuine ved kvart enkelt menneske. Å vera bevisst på kva haldningar ein har og korleis ein møter og respekterer dei ulike foreldra uavhengig av deira bakgrunn, meiner eg vil vera naudsynt for at ein skal kunna møte barna og foreldre med respekt og anerkjenning. I Duestien barnehage har dei arbeida bevisst med dette, og korleis ein kan anerkjenne kjenslene barna uttrykkjer. Dette kan ein sjå ut i frå sitatet frå Anne: «Hvordan vi reagerer overfor barna, sier så mye til barna om hvem de er». Her kan ein sjå at informanten er bevisst sine haldningar om kva tyding det vil ha å møte barn med anerkjenning. Barn treng kanskje hjelp til å setja ord på kjenslene sine, og då må dei vaksne ta seg tid til å snakka med barnet og syna at dei er merksame på reaksjonen og kjenslene deira, og gi dei lov til å uttrykka kjenslene sine. Eg meiner at dersom dei vaksne berre overser reaksjonane til barnet, vil det kanskje vera med på å svekkja barnet si sjølvkjensle, og det vil kanskje vera med på å svekkja tillita barnet har til den vaksne. I fylgje Pianta (1999, ref. i Drugli, 2010) spelar relasjonen mellom barn og vaksne i barnehagen ei sentral rolle for trivselen og utviklinga til barnet.

5.3 Samarbeid

Barnehagen er plikta til å samarbeida med barna sin heim. Dette slår Rammepleanen (2011) fast. For at dette samarbeidet skal fungera, må både personalet og foreldra vera aktive deltakarar i samarbeidet. Hovudansvaret for samarbeidet ligg likevel hjå personalet i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2011). Personalet i barnehagen har ansvar for å gjera foreldra bevisste på at også dei er viktige deltakarar i samspelet for at barnet deira skal ha det bra og trivast i barnehagekvardagen. Personalet og foreldra bør ha forventningsavklaringar med kvarandre, slik at det går tydeleg fram frå begge partar kva krav dei har til

kvarandre i samarbeidet. Dersom personalet er likegyldige og ikkje tek barna og foreldra sine innspel på alvor, vil korkje barn eller foreldre føle seg sett og høyrte, noko som igjen vil gå utover samarbeidet mellom partane. Lind (1990, ref. i Bø, 2011) hevdar at barn vert påverka av relasjonen mellom personalet og foreldra. Eg trur at dersom foreldra føler at dei ikkje vert tekne på alvor, vil dette påverka relasjonen mellom personalet og foreldra negativt, og dette vil barnet merke. Lind (1990) meiner også at barnehagane bør utarbeida seg ein plan for korleis dei ynskjer at samarbeidet skal fungera og gjennomførast. Ved at barnehagane gir foreldra ein slik plan, har foreldra noko konkret å gå ut i frå, og dei vil verta meir bevisste på at dei kan vera med å påverka barnehagekvardagen. Ut i frå dette vil det også verta enklare for foreldre å stilla krav til samarbeidet. Ingrid i Maurtua barnehage har gjort seg tankar kring dette, då ho uttalar at samarbeidet ikkje berre går ein veg, og at foreldre vil føle meir tilhøyrse til barnehagen dersom dei er aktive i samarbeidet.

Drugli og Onsøyen (2010) legg vekt på kor viktig det er å ha fått etablert positiv kontakt med foreldra før det oppstår eit problem. Dette meiner også Berit i Duestien barnehage, då ho påpeikar at det er enklare å ta opp vanskelege saker med foreldra, dersom dei har fått bygd relasjonar og vorte kjent med foreldra på førehand. Eg meiner det kan sjå ut som om Berit er bevisst på at ein føresetnad for godt samarbeid, er å ha gode relasjonar til kvarandre.

Barn som går i barnehage er deltakarar av fleire arenaer, der familien er primærarenaen og barnehagen fungerer som sekundærarena (Larsen & Slåtten, 2011). For at barnet skal føla glidande overgang mellom dei ulike arenaene dei er deltakarar i, er samarbeid mellom barnehage og heim ein viktig føresetnad (Drugli, 2010). Slik som Gamst (2011) uttalar, er personalet i barnehagen ein viktig signifikant vaksen, som skal syna at dei bryr seg om barnet. Dersom foreldre og dei tilsette i barnehagen samarbeider godt, vil dette skapa tryggleik for barna, gjennom at dei opplever at heimen og barnehagen er samkøyrt.

Informantane i Duestien barnehage var opptekne av kor stor innverknad dette samspelet har for at foreldra skal føla seg trygge på at barnet har det godt i barnehagen. Dersom eit barn har hatt ein krevjande start på dagen heime, meiner eg at det vil påverka barnet sin dag i barnehagen også. For at personalet skal kunna leggja best mogeleg tilrette for barnet, er dei avhengige av å få informasjon frå foreldra. På denne måten kan personalet gjera det vetle ekstra for å leggja tilrette for barnet denne dagen. Det kan til dømes vera at barnet har vore mykje vaken om natta, og har såleis eit større behov for å sova meir eller lengre i løpet av den tida barnet er i barnehagen. Ingrid i Maurtua barnehage opplever at foreldre ofte kjem med denne typen informasjon, og med ynskje om at personalet skal halda eit ekstra auge med dei i løpet av dagen. Denne typen dialog mellom personalet og foreldre er Ingrid svært oppteken av. På denne måten trur eg ho har ei grunnleggjande og god haldning for å skapa gode relasjonar til både barn og vaksne.

6.0 AVSLUTNING

Eg har no sett på teoriar om relasjonskompetanse og samarbeid. For å få til eit godt samarbeid mellom barnehage og heim, er relasjonskompetanse heilt naudsynt. Dette byggjer også på tillit, som er bærebjelken i alle relasjonar. For å byggja gode relasjonar, må ein også ha kompetanse om anerkjening og kommunikasjon. Eg ser såleis at det er ein nær samanheng mellom desse emna, då dei byggjer på kvarandre. Har ein ikkje evna til god kommunikasjon, vil ein heller ikkje klara å byggja gode relasjonar.

Kunnskap om relasjonskompetanse er viktig for alle dei tilsette i barnehagen. Dette er noko som må vidareutviklast og arbeidast med jamt og trutt. Eg meiner det handlar om å skapa gode haldningar og vera bevisste i sitt arbeid med barna og foreldra. Duestien barnehage har arbeida bevisst med relasjonskompetanse. Dette merka eg tydeleg gjennom intervjuet eg gjennomførte med dei pedagogiske leiarane, gjennom at dei verka engasjerte og svært bevisste kring sine haldningar om dette emnet. På same måte merka eg at informantane i Maurtua barnehage hadde mykje kompetanse kring emnet kommunikasjon. Eg meiner dette syner at for å verta bevisst på desse emna, må ein tileigna seg kunnskapar om dei.

Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg skjønna at den tilsette frå min barnehage, som eg nemnde i innleiinga, var svært dyktig på å byggja gode relasjonar til meg og mine foreldre. Ho gjorde det vetle ekstra, som fekk meg til å føla meg sett og anerkjent. Når eg byrjar å arbeide som pedagogisk leiar, eller som førskulelærer, er dette ei haldning eg vil ta med meg vidare i mitt arbeid. Slik som eg ser det, handlar det om å vera bevisst på korleis ein møter barna og foreldra i dei uformelle, daglege møta. Dette er ein kompetanse som ein heile tida må arbeide med for å halda ved like og vidareutvikla, ved å oppdatera seg fagleg om emnet.

Barnehagen er på mange måtar heldige som møter foreldra to gonger om dagen. Dette gir personalet ein ypparleg sjanse til å møte både barn og foreldre med eit ope sinn, med respekt for at alle er ulike. På denne måten kan ein skapa tillit til foreldra, noko som gir eit godt utgangspunkt for å byggja relasjonar til kvarandre. Ein må opparbeida seg gode rutinar kring hente- og bringesituasjonane, der personalet er bevisste på korleis dei opptre i møtet med foreldra, og er tilgjengelege for å utveksla informasjon. På denne måten syner ein at ein ser og bryr seg om barnet. Måten eg som pedagogisk leiar møter barna på, kan vera avgjerande for korleis barnet utviklar seg, og oppfattar seg sjølv. Som Anne i Duestien barnehage sa: «Man kan finne ut av mye ved å snakke sammen».

LITTERATURLISTE

- Brendeland, T. A. (2012). *Fortell med meg! Levende språkmiljø for de yngste*. Oslo: Pedagogisk Forum.
- Bø, I. (2011). *Foreldre og fagfolk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Drugli, M. B. (2010). *Liten i barnehagen. Forskning, teori og praksis*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Drugli, M. B., & Onsøien, R. (2010). *Vanskelige foreldresamtaler. -Gode dialoger*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Gamst, K. T. (2011). *Profesjonelle barnesamtaler. Å ta barn på alvor*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ingeberg (red.), P. (2013). *Barnehageloven og forskrifter. Med forarbeid og kommentarer*. Oslo: PEDLEX Norsk Skoleinformasjon.
- Jacobsen, D. I. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring. Innføring i metode for helse- og sosialfagene*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2011). *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Kunnskapsdepartementet.
- Larsen, A. K., & Slåtten, M. V. (2011). *En bok om oppvekst. Samfunnsfag for førskolelærere*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Røkenes, O. H., & Hanssen, P.-H. (2006). *Bære eller breste. Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Schibbye, A.-L. L. (2009). *Relasjoner. Et dialektisk perspektiv på eksistensiell og psykodynamisk psykoterapi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Schibbye, A.-L. L. (2013). Betydningen av indre anerkjennelse i relasjoner. I A. Greve, S. Mørreaunet, & N. Winger (red.), *Ytringer om likeverd, demokrati og relasjonsbygging i barnehagen*. (ss. 37-47). Bergen: Fagbokforlaget.
- Spurkeland, J. (2012). *Relasjonskompetanse. Resultater gjennom samhandling*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Sveen, T. H. (2010). Å møte foreldre i barnehagen. I Ø. Kvello, *Barnas barnehage 2. Barn i utvikling* (ss. 273-306). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

VEDLEGG

Vedlegg 1, Informasjonsskriv til informantane

Eg går siste året på førskulelærerutdanninga gjennom Høgskulen i Sogn og Fjordane. I samband med dette skal eg no skriva ei bacheloroppgåve. Temaet for denne oppgåva er korleis ein kan skapa gode relasjonar til barn og vaksne, samt samarbeid mellom barnehage og heim. For å henta inn kunnskap og informasjon kring dette, ynskjer eg å intervju dykk som arbeidar i barnehagen angående desse emna.

Kvart enkelt intervju vil vare kring 60 minuttar. Eg ynskjer å nytta bandopptakar under intervjuet, då dette vil gjere det enklare å få med eksakt informasjon under transkribering av intervjuet, i tillegg til at det vil vera med på å styrke validiteten. Etter transkribering vil lydopptaka verta sletta, og vil difor ikkje kunna verta spora tilbake til deg. Informasjonen eg nyttar i oppgåva vil også verta anonymisert.

Vedlegg 2, Intervjuguide

Relasjonen

1. Korleis kan ein byggje gode relasjonar mellom barnehage og heim? Har de hatt fokus på dette i barnehagen? Til dømes kurs, personalmøter og liknande.
2. Korleis arbeidar de for at kvart enkelt barn skal føle seg sett og anerkjent?

Dagleg kontakt

1. Korleis arbeidar de for å utvikla god kontakt, eller skapa positive relasjonar til heimen i hente- og bringesituasjonar, og kvar møter de foreldra i desse situasjonane?
 - Har de eit bevisst forhold til korleis de møter foreldra i desse situasjonane?
 - Legg de vekt på å fortelja om kva barnet har gjort på om dagen?
2. Korleis legg de tilrette for at foreldra skal føle seg trygge for at deira barn vert sett og høyrte i løpet av den tida barnet deira tilbringer i barnehagen?
 - er de bevisste på korleis de kommuniserer med foreldra i dei daglege møta?

Struktur, tid og hyppigheit

1. Korleis organiserer de personalgruppa for å sikra at alle barna vert sett?
 - Har de til dømes ansvar for kvar dykkar barnegruppe som de har ekstra ansvar for å sjå og leggja merke til i løpet av dagen?
2. Kor mykje tid brukar du på foreldresamarbeid kvar dag?
 - Kor mykje tid kunne du ynskja at du kunne brukt og kva ville du brukt tida på?
3. Kva tenkjer du om det å setje av tid til daglege samtalar med foreldre?
 - Korleis er dette for deg i din barnehage?
4. Rammeplanen pålegg barnehagen å samarbeida med heimen. Kvifor er dette viktig?
 - Kva betydning eller ringverknader har det?
5. Kor mange formelle møter har de med foreldre i løpet av eit barnehageår, sett vekk i frå den daglege kontakta?
 - Opplever du/de at det er vanskeleg å få foreldre til å møte på desse møta?
 - Korleis legg de til rette for at det skal høve for foreldre å stille opp på desse møta. (T.d. barnepass i barnehagen)
6. Ein skal samarbeida til barnets beste, men av og til kan ein koma i situasjonar der barnehage og heim er usamde om kva som er til barnets beste. Har du nokre erfaringar med dette?
 - korleis grip du/de fatt i slike situasjonar?

Innhald

1. Kva legg du i eit godt samarbeid med heimen/foreldre?
 - Kva skal til for å få eit godt samarbeid?
 - Kva er viktig å leggja vekt på?
2. Er det nokre utfordringar når det gjeld foreldresamarbeid?
 - kva er vanskeleg?
3. Kva aktivitetar har de i barnehagen der foreldre kan delta, slik at dei kan verta kjende med kvarandre og med personalet?

Er det noko du vil tilføye?